



NVE
nve@nve.no

Røldal Fjellstyre
5760 Røldal
Org. Nr.: 975 690 229

Røldal, 25.01.2026

Høyringssvar av tilleggsutgreiing for villrein ved nye kraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget, Ullensvang og Suldal kommunar, Vestland og Rogaland fylker

Røldal fjellstyre er oppnemnt av kommunestyret til å administrere bruken av Røldal statsallmenninga til m.a. beite, seter, jakt, fangst og fiske i tråd med fjellova. Ein gjer merksam på at det i statsallmenning er slik at ansvaret er delt, der Statskog er grunneigar, medan fjellstyret forvaltar bruksrettane (jordbrukstilknytte rettar som beite og seter) og jakt/fiske.

Fjellstyret uttalar seg her i all hovudsak om problemstillingane, og utfordringane, som oppstår i nærleiken av vår statsallmenning, altså i all hovudsak rundt Votna og Valldalen.

Samandrag

Generelt sett meiner Røldal fjellstyre at kvaliteten på tilleggsutgreiinga held betydeleg høgare kvalitet enn dei opprinnelege utgreiingane. Det er likevel bekymringsverdig at NVE i forkant av tilleggsutgreiinga «*legger til grunn at undersøkelane kan gjennomføres på basis av eksisterende data, og at det derfor ikke er nødvendig med ytterligere feltarbeid eller datainnsamling*». Det er uklårt for fjellstyret kor mykje ei slik avgrensing påverkar det endelege resultatet.

Røldal fjellstyre meiner at planlagd regulering og drift av Votna (pumpekraft) vil ha klårt negative verknader for villreinen. Desse vert forsterka av dagens situasjon på E134 – men kan bli relativt endå viktigare som barriere dersom E134 vert lagd i tunnel med vinterstenging av gamal veg. Fjellstyret savnar eit meir heilskapleg blick på utfordringane, og meiner konklusjonen i rapporten vert noko vag mtp. utfordringane rundt Votna. Det er fjellstyret sitt syn at det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, og dei rapportane som er presentert, visar at ein får ei «netto-forverring» for tilhøva for reinsdyra uavhengig av kva tunnelloysing det vert ved E134. Dette vert ikkje tydeleg presentert i rapporten.

Røldal Fjellstyre – 5760 Røldal

Leiar: tlf. 481 03 170 - e-post: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: 482 70 778 – e-post: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Tiltaket svekkjer trekkmoglegheiter og aukar risikoen i israndsona. Vidare peikar fjellstyret på at samla belastning ikkje er tilstrekkeleg vurdert, noko som er negativt i seg sjølv og gjer det i praksis umogleg å få eit korrekt konsekvensbilete.

Røldal fjellstyre meiner at prosjektet ikkje må godkjennast slik det ligg føre. Ein kan ikkje akseptere at tilhøva for villreinen vert ytterlegare svekka. Ei rekkje vilkår og tiltak må vurderast før ein kan vurdere så store inngrep i villreinsonen. Røldal fjellstyre gjer merksam på at det er vår vurdering at det er den samla belastninga som er problemet, ikkje dei enkelte konsekvensane av kvart enkelt lokale inngrep. Fjellstyret forventar at ein i etterkant av prosessane, når ein er ferdig med både miljørevisjon og behandlinga av konsesjonssøknaden, har fått ein situasjon som er klårt betre for dei to villreinstammene i området.

Fjellstyret meiner ein må gjere ei heilskapleg vurdering, der ein til dømes ser på tunnelloysinga, vasskraftreguleringane og turisme i samanheng. Det er uklårt om til dømes klare driftsvilkår for isstabilitet i aust, sikra passasje vest for Votnadammen, ferdsselsrestriksjonar (inkl. veg), overvaking og adaptiv drift vil vere nok til å fjerne ulempene for villreinen. Det er også tvilsamt at ein greier fjerne ulempene, sjølv om E134 vert lagt i «kort» tunnel, og ein vinterstengjer dagens vegtrasé.

Av omsynet til villreinen er det fjellstyret si meining at ein per i dag framleis har hol i kunnskapsgrunnlaget. Ein veit til dømes lite om korleis istilhøva på Votna vert. Ein har heller ikkje tilstrekkeleg greia ut korleis endra isforhald på reguleringsmagasina (Votna og Valldalen) vil påverke den naudsynt menneskelege ferdsele i områda. Det er også alvorleg at ein manglar kunnskap om korleis endringane vil bidra til den samla belastninga i dei to villreinområda.

Ut frå noverande kunnskapsgrunnlag, og vurderingane gjort i tilleggsgutgreiningane, er det fjellstyret sitt syn, at tilhøva for villreinen vert svekka på Haukelifjell med dei noverande planane. Ein gjer merksam på at det er fjellstyret sitt syn at kraftutbyggingane åleine fører til ei netto forverring (både med og utan «kort» tunnelloysing). Andre forslag til avbøtande tiltak, som vert framstilt som positive i teorien, er for det meste så usikre at ein ikkje kan vektleggje desse særleg tungt. Fjellstyret er også kritisk til at ein ikkje greier ut avbøtande tiltak i nemneverdig grad.

Fjellstyret meiner konsesjonæren må forpliktast til å auke kunnskapsgrunnlaget rundt den samla belastninga, og fjellstyret støttar Lyse i at dette må vere ein del av eit større prosjekt, kor alle relevante aktørar er med. Til dømes visar kunnskapsgrunnlaget at påverknadane frå veg (E134), kraft og menneskeleg aktivitet/ferdsel, til saman påverkar situasjonen for villreinen negativt. Om dei viktigaste aktørane gjekk saman, om eit felles lyft for villreinen, så er det fjellstyret sitt syn at ein kan finne løysingar som gagnar alle partar. Til og med villreinen.

Røldal fjellstyre kan ikkje, ut frå noverande kunnskapsgrunnlag, og spesielt ikkje frå eit «føre-var-prinsipp», vere positive til søknaden slik den ligg føre. Fjellstyret forventar at NVE, i ei så stor utbyggingssak som dette, syter for at alle sider av saka er belyst.

Bakgrunn

Votna har 45 m reguleringshøgde og bratt topografi. Planlagd pumpekraft opnar for rask vasstandsending (opptil ~4 m/døgn). Det gir utvilsamt meir oppsprukken, utrygg is i randsona, særleg ved tørre/middels tørre vintrar og ved utløp/inntak (råker/overvatn).

E134 er i dag ein sterk forstyrings- og barrierefaktor (trafikk, lys, brøytekanter, parkering og stor ferdsel – topptur/kiting). Tunnelføring med vinterstenging av gamal veg kan redusere denne forstyringa vesentleg – men då vert isforholda i Votna relativt sett ein viktigare barriere for vintertrekk.

Røldal fjellstyre har vore uroa for kunnskapsgrunnlaget i dei to sakene om miljørevisjon og konsesjonssøknaden. Då spesielt mtp. villreinen. Bekymringa vart imøtecome, då NVE påla konsesjonæren ytterlegare utgreiingar. Generelt sett, er inntrykket at tilleggsutgreiingane held høgare kvalitet enn dei fyrste utgreiingane, samt at ein i tilleggsutgreiingane er tydlegare på kva svakheiter som finst i kunnskapsgrunnlaget. Til dømes kjem det klårt fram at ein har lite kunnskap om villreinen sin bruk av islagde reguleringsmagasin. Ein er også tydeleg på at det ikkje er gjort noko utgreiingar rundt den framtidige «issituasjonen» på Votna. Likevel meiner fjellstyret at ein også i denne rapporten overtolkar nokon av rapportane og simuleringane. Det er ikkje klårt for fjellstyret av bruken av NINA si prediksjonsmodellering av trekk-korridorer kan brukast som presentert i rapporten. Det kan også verke som at SINTEF sin vurderinga av isforholda på Holmavatnet vert noko overtolka.

Dessverre var ikkje NVE presise nok i kravet om tilleggsutgreiing, og «bestillinga» tettar soleis ikkje alle naudsynte kunnskapshol. Denne bekymringa vert påpeika av Røldal fjellstyre, til NVE, i innspel datert 17. september 2025. Kort oppsummert, så meiner fjellstyret framleis:

- at ein må auke kunnskapsgrunnlaget i alle områder som vert direkte, og indirekte, råka av kraftutbyggingane. (Altså også som ein del av miljørevisjonen.)
 - o Fjellstyret oppfattar pålegget til NVE til å ivareta fjellstyret sine bekymringar rundt endra istilhøve, og dermed ferdsel, rundt Votnamagasinet. Ein meiner det same ikkje er tilfelle for Valldalsmagasinet.
- at det er ein svakheit at tilleggsutgreiinga «*bør leses i sammenheng med Norconsult (2024a) sin fagrapport villrein, siden våre suppleringer primært er knyttet til konsekvenser av pumpekraftverk på villreinens arealbruk i Votnaområde*»
 - o Det er tydeleggjort i fleire innspel at Norconsult sin rapport er sagt å basere seg på lokale innspel o.l.. Dette er bevisleg feil, og fører dermed dessverre til at dei tidlegare rapportane har lite truverdigheit. Spesielt lokalt.
- at tilleggsutgreiinga ikkje vurderer samla belastning i stor nok grad.

- NVE skriv: *«Det oppfordres til å se på disse uttalelsene i forbindelse med undersøkelsene som skal gjennomføres, bl.a. samlet innspill fra statsforvalterne i epost av 17.12.2024.»*
- Statsforvaltarane skriv i epost av 17.12.2024. I punkt 1: *«Med tanke på at det ventes flere vilkårsrevisjoner og O/U-prosjekter i årene fremover, er det helt nødvendig at samlet belastning på villreinområdet og den samfunnsmessige nytteverdien ikke bare vurderes innenfor det enkelte konsesjonsområdet, men i et lengre tidsperspektiv for hele villreinområdet, på et regionalt (og kanskje også nasjonalt) nivå.»*
- Det er altså utvilsamt at det har vore ei forventning om ei grundig utredning av effektane av den samla belastninga. Dette er ikkje tilfredsstillande belyst i tilleggsgutgreiinga. Ein viser spesielt til at ein ikkje har nytt tilgjengelege modelleringsverktøy, eller kompetanse, utvikla av Norsk Institutt for Naturforskning (NINA).

Kort om negative verknader av reguleringa i Votna (kjernepunkt)

1. Svekka vintertrekk – større barriere
Hyppige og store vasstandsendingar gjev sprekksoner, råker og overvatn langs land. Reinen mistar trygge inn-/utfartar til isen; det reduserer sjansen for kryssing vinterstid og kan i periodar stengje sentrale trekkruter.
2. Forverring større enn ved Holmavatn
Votna får større ispåverknad enn Holmavatn grunna større reguleringshøgde, brattare strender og høgare pumpe-/produksjonskapasitet.
3. Indirekte negativ effekt: flytting av ferdsel
Utrygg is kan flytte skiturar/kiting frå isen og inn i beitebeltet rundt Votna – akkurat der villreinen treng ro i sårbar tid. Det aukar forstyrringa utan at tiltaket gjev nokon gevinst for reinen.
4. Usikker og marknadsstyrt drift + klimaendring
Døgn/vekesskift mellom pumping/produksjon og meir ustabile vintrar gjev uføreseieleg isdynamikk. Manglande spesifikk «isfagrapport» for Votna aukar uvissa – dette må vegast negativt. Det framstår også som noko usikkert for fjellstyre, om vurderingane i SINTEF rapporten for Holmavatnet vert noko overtolka.
5. Ut frå eit «føre-var»-prinsipp, så er det også viktig å framheve at *det «Fra forskningen finnes lite kunnskap om hvordan endrede isforhold som følge av magasinregulering kan være til direkte hinder for trekk (f.eks. sprekker eller råker), eller forårsake drukning.» (Vedlegg 4 - NaturRestaureringsrapport nr: 2025-11-01).*

Kort korleis E134 forsterkar/modererer verknadene

a) E134 som i dag (veg i dagen)

- Trafikk/ferdsel skapar i seg sjølv høg barriere. Reinen unngår området mykje av vinteren; kryssingar skjer sporadisk (t.d. i uvêr/natt).

- Utrygg is i Votna gir avgrensa, men reell tilleggsforringing: særleg vestlege passasjar (ved Svandalsflona) kan svekkjast, medan kryssing lenger aust (via Dyrskar/Midtlæger) i nokon grad kan halde fram over land.
- Netto: Tiltaket i Votna er negativt, men rammene på E134 gjer at storparten av barrieren framleis skuldast veg/ferdsel.

b) E134 i «kort» tunnel + vinterstengt gamal veg

- Forstyrringa frå trafikk blir kraftig redusert, dette vil truleg medføre at reinen kjem nærare vegen og trekk oftare.
- Då blir utrygg is i Votna ein relativt viktigare barriere: Austlege trekk (Holebudalen/Grunnavatnet) kan haldast oppe berre dersom ein stabiliserer is; vestlege trekk (forbi dam/Svandalsflona) krev tydeleg sikra landpassasje.
- Netto: Utan strenge driftsvilkår for is og sikra vestpassasje vert «effektkøyring» i Votna negativ, og ho undergrev ein potensiell gevinst frå tunnelføringa på E134.

Ut frå oppsummeringa over, vert det konkluderte med følgjande i tilleggsutgreiinga:

"Samtidig blir total samlet belastning mindre, mao. blir betingelsene for trekk og beiting i nærområdene forbedret til tross for pumpekraft for Votna, når forstyrrelsene knyttet til E134 reduseres sterkt.» (side 85)

Røldal fjellstyre delar i stor grad oppsummeringa, og utfordringsbilete som vert presentert i tilleggsutgreiinga. Røldal fjellstyre meiner likevel, at ein vert for navlebeskuande når ein konkluderer med at vilkåra for trekk og beiting i nærområda vert forbetra til tross for pumpekraft i Votna. Lokalt stemmer truleg dette, men ser ein på det større bilete, vert ei slik tilnærming særst dårleg for villreinen.

For villreinen er nøkkelen å redusere den samla belastninga. Det er difor nyttig å sjå på utgreiingane av reguleringsplanforslaget for nye E134, med den aktuelle tunnelloysinga (Flydal og Colman, 2019):

«I et samlet belastnings perspektiv virker E134 og andre inngrep og forstyrrelser barrieredannende for reinens arealbruk på Haukeliffjell i dag, men det skjer likevel en del beiting opp mot vegen, og også kryssing av vegen i dagens situasjon. Ny E134 etter reguleringsplanforslaget gir en forbedret situasjon for villreinen i den vestligste delen av området, men en forverring av situasjonen ved de viktigste vinterbeite- og trekkområdene ved Ulevå, Ståvatn og Kjelavatn.» (side 6).

Så sjølv om tunnel kan betre den situasjonen for villrein langs Votna, vil reguleringa isolert sett framleis ha negativ konsekvens, og kan bli relativt meir avgjerande vinterstid om ikkje avbøting kjem på plass. Situasjonen vert straks også meir alvorleg, når ein merkar seg at den nye planlagde tunnelloysinga vil forverre situasjonen for reinsdyra betydeleg austover. Fjellstyret meiner difor det vert feil å framheve ein svak positiv effekt i vest. Dette vil verte uvesentlege nyansar når ein tar innover seg dei førespela forverringane i aust.

Oppsummert meiner fjellstyret at situasjonen til reinsdyra krev at ein ser på den samla belastninga. Snevvar ein dette inn til å gjelde kombinasjonen av påverknaden frå E134 og effektkøyring av Votnamagasinet, så vert den samla belastninga utvilsamt negativ.

Samla belastning

Samla belastning er ikkje tilfredsstillande vurdert – dette er negativt. Og uakseptabelt.

Området er alt prega av hytte- og alpinutbygging (Vågsli), fleire regulerte magasin, trafikk/parkering, turisme (DNT), løyper og friluftsliv, med dokumentert arealunnvikelse og barriereverknad.

Utan ei heilskapleg, etterprøvbar vurdering av kumulative effektar kan ein ikkje fastsetje reell konsekvensgrad. Røldal fjellstyre meiner dette er ein grov mangel som i seg sjølv er negativ for vedtakskvaliteten, og truleg også for villreinen.

Spesielt er dette aktuelt i området mellom Røldal og Vågslid, kor det no er planlagt fleire store prosjekter. Fjellstyret er av den formeining at ein ikkje lenger kan sjå på eit og eit enkeltprosjekt. Til dømes må ein på Haukeli sjå vasskraftutbyggingane i samanheng med vegutbygginga (tunnelløysing på E-134). Myndigheitene har her eit historisk moglegheit til å betre tilhøva for reinsdyra, medan ein samtidig moderniserer vasskrafta og byggjer gode samferdselsprosjekt.

Det er også særst uheldig at det kjem fram at Lyse Kraft DA har ynskja «enkle svar» i denne tilleggsgutgreiinga. Visstnok berre avgrensa til korleis ulik vasstand i kraftmagasina vil påverke villreinen (Jakt&Fiske, 2025).

For fjellstyret framstår det som merkeleg at ein ikkje skal nytte alle tilgjengelege verktøy, eller kompetanse, for å vurdere konsekvensane av noko som ein skryt av er den største vasskraftutbygginga i moderne tid. Røldal fjellstyre vurderer dette til å vere ein betydeleg svakheit i kunnskapsgrunnlaget, og noko ein forventar NVE rettar opp i før ein gjer vedtak i saka.

Det er positivt at Lyse Kraft signaliserer at dei vil vere med å bidra til at auke kunnskapsgrunnlaget rundt den samla belastninga. Det vil då også vere naturleg, slik Lyse påpeikar, at dette er del av eit større prosjekt, kor alle relevante aktørar er med. Men ein kan ikkje innhente naudsynt kunnskap i etterkant av vedtaket. Røldal fjellstyre forventar at ein settar alle dei kunnskapshol ein vert gjort oppmerksom på. At det er forskingsmiljøet hjå NINA som påpeikar dette, gjer at bekymringa må tileignast betydeleg vekt.

Kommentarar til føreslåtte vilkår og avbøtande grep

Røldal fjellstyre meiner forpliktande, og absolutte, vilkår må på plass før ein gjev løyve til tiltaket. Fjellstyret har ikkje kompetanse til å vurdere effekten, eller forventingane, av tiltaka, men tillèt seg likevel å kome med nokon overordna kommentarar til enkelte av tiltaka.

Is på Votna

Vilkår om ein låg vasstand igjennom vinteren, for å leggje til rette for naturleg vasstand i Grunnavatnet verkar fornuftig. Fjellstyret tillèt seg likevel å understreke at det som truleg har vore eit av dei viktigaste historiske trekka (via Reinskvelven), ligg i «hovudmagasinet», og følgjeleg ikkje får nokon avbøtande effekt av dette.

Ledegjerde

Krav om ledegjerde verkar lite hensiktsmessig. Dette er eit tiltak som i seg sjølv vil krevje mykje oppfølging/tilsyn, og dermed planlagt og regelmessig aktivitet i villreinområdet. Det er også uklårt kva effekt ein kan forvente. Fjellstyret er skeptisk til dette tiltaket, og negative om ein vurderer dette som eit avbøtande tiltak.

Prøvereglement

Krav til pumpe- og produksjonskøyring verkar fornuftig. Av omsyn til villreinen må desse vere absolutte, og ikkje mogleg å endre i etterkant, til dømes med argument i økonomiske årsaker. Dessverre ser me alt for ofte at NVE tillèt omkampar på konsesjonsvilkår i etterkant av vedtak til opprinneleg konsesjon. Dette faktumet gjer at fjellstyret dessverre ikkje kan vekte eit slikt tiltak tungt.

Stenging av anleggsvegane

Fjellstyret er som hovudregel positiv til å reduserer ferdseilen på anleggsvegane. Det er likevel naturleg å vurdere om ein bør ha ei eller anna form for differensiering for lokalbefolkninga. Ein forventar sjølvstendig at grunneigarar skal ha same tilgang til vegane som konsesjonæren.

Avslutning

Reguleringa i Votna vil utvilsamt ha negative konsekvensar for villrein gjennom svekka isforhold og medføre ei auka barriere i randsona. Med E134 som i dag blir dette ei tilleggsforringing i eit allereie pressa område; med E134 i «kort» tunnel kan dårleg is bli ein kritisk relativ barriere dersom ikkje tydelege driftsvilkår og passasjar vert sikra.


At samla belastning ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, er negativt og uakseptabelt for ei avgjerd av denne typen. Fjellstyret savnar framleis utgreiingar for å auke kunnskapsgrunnlaget i alle områder som vert direkte, og indirekte, råka av kraftutbyggingane. Lokalt er det dei indirekte

konsekvensane av svekka isforhald, og dermed forringa tilkomst inn i Valldalen, som er den alvorlegaste mangelen.

Røldal fjellstyre ynskjer å vere tydelege på at tilhøva for villreinen, både i Setesdal-Ryfylke villreinområde, og Hardangervidda villreinområde, per i dag er kritisk dårleg. NVE må ikkje godkjenne nye tiltak, eller prosjekt, som fører til ytterlegare forverringar. Fjellstyret forventar at den pågåande vilkårsrevisjonen, gjerne sett i samanheng med konsesjonssøknaden, skal føre til betre tilhøve for villreinen.

Røldal fjellstyre meiner det framleis er for store hol i kunnskapsgrunnlaget. Slik prosjektet ligg føre, er det uklårt kva tiltak, eller avgrensingar, som må på plass, for at villreinen ikkje skal vere skadelidande. Fjellstyret forventar at dei bekymringane, eller krava, som kjem fram i innspelet vert lagde til grunn for vidare sakshandsaming.

mvh



Tor Helge Haara Tjemsland
Leiar, Røldal fjellstyre

Kjelder:

- Jakt&Fiske (2025). Funnet 18.01.2026. <https://jaktogfiske.njff.no/naturtap-vannkraft-villrein/nina-lyse-kraft-sa-nei-til-vart-tilbud-om-utredning-av-samlet-belastning-for-villreinen/271946>)
- Flydal og Colman (2019). NaturRestaurering Rapportnr: 2019-01-01